

## **Om aktørane:**

### **Frøydis Flotve:**

Frøydis Flotve (f. 1971) er utdanna innan drama og teater, samt spesialpedagogikk og litteraturvitenskap frå universitetet i Trondheim. Ho har arbeidd som teaterpedagog og kunstnarleg konsulent på Vestlandske Teatersenter sidan 1995. Dei siste 13 åra har Flotve vore hovudansvarleg for Teaterskolen for barn og unge, samt kurs- og kompetansesenteret.

Flotve har vore med i alle delar av ein produksjon, alt frå planlegging og informasjon til gjennomføring. Ho har jobba som prosjektleiar og –medarbeidar i ymse prosjekt, oppdrag som skodespelar og instruktør i framsyningar, kurs og produksjonar. Dei siste åra har ho halde fleire kurs for bibliotekarar i ulike måtar å drive litteraturformidling. Ho er også prosjektleiar for undervisningsopplegget som vert utvikla til Erna Oslands fagbok «Når det regnar i Afrika» i samarbeid med dansar og komponist.

### **Ingeborg Stige:**

Ingeborg Stige (f. 1986) er utdanna innan fysisk teater etter tradisjonar frå Jacques Lecoq, ved *Dell'Arte International School of Physical Theatre*, USA og *École Philippe Gaulier*, Frankrike. Stige er spesialisert innan den modernistiske tradisjonen teaterklovn og har tatt ei utøvande mastergrad innan dramapedagogikk på emnet frå Høgskulen i Bergen. Stige har undervisingserfaring frå ei rekke målgrupper mellom anna frå teaterskule for born og ungdom, kriminalomsorg og høgskule. Stige arbeider for tida som lektor i drama/teater ved Firda Vidaregående skule.

### **Erna Osland:**

Erna Osland (f. 1951) blir rekna som ein av dei fremste norske forfattarane av barne- og ungdomsbøker. Osland debuterte med ungdomsromanen *Natterammen* i 1987, sidan har ho skrive ei rekke bøker, både skjønnlitteratur og fagbøker, hovudsakleg for barn og ungdom. Ho tek ofte opp store problemstillingar i bøkene sine, og ho er oppteken av ikkje å gi dei ei eintydig løysing. Ho har òg drive aktivt med litteraturformidling og har halde skrivekurs for barn og ungdom over heile landet.

Osland har vore festspeldiktat under Festspillene i Bergen (2004), Dei nynorske festspela (2007) og Falturiltu (2009). Erna Osland fått ei rekke prisar for

bøkene sine, mellom anna både Brageprisen og Kritikarprisen for Salamanderryttaren i 1999.

Boka ”He-he! Den livsviktige latteren” kjem ut denne våren på forlaget Samlaget. Boka er ei fagbok for born og ungdom om latter.

(Kjelder: Allkunne.no og Samlaget.no).

### **Nynorsksenteret:**

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) er eitt av ti nasjonale senter. Nynorsksenteret er eit nasjonalt ressurssenter for nynorsk i grunnopplæringa og barnehagen, og legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan vere med på å skape språkkompetanse og motivere for arbeid med nynorsk. Gode røynsler skal systematiserast, prøvast ut og spreiaast gjennom kurs, seminar, skriftleg materiale og via vefsida til senteret.

Samarbeid er inngått med Liv Kristin Bjørlykke ved senteret, Bjørlykke er rådgjevar ved senteret og har som arbeidsoppgåver mellom anna å formidle nynorsk barnelitteratur og planlegge og følgje opp prosjekt knytt til barnesteg og barnehage. Bjørlykke er allmennlærar med mastergrad i spesialpedagogikk.

(Kjelder: Nynorsksenteret.no).